



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 20.11.2025.

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 20.11.2025.

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Jens Ole Årdal, Jofrid Nordstrand
Forthun, Kari Henny Dale, Ole Ivar Luggenes.

Forfall: Andreas Elster, Sjur Håvard Øygard, Arvid Solås.

Kopi av protokollen går til:

Medlemar i KSR, kyrkjeverja og postmottak v. Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjenning av referata frå møte 23.10.2025.

Sidan sist.

Postlista.

Soknepresten har ordet.

Vedtakssaker.

Meldingssaker.

Ymse.

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Julespel, ekstra punkt sakliste.

Godkjenning av referat frå møte 23.10.2025.

Ingen merknader.

Sidan sist:

Felles minnegudsteneste med Høyanger vart avhalde 02.11. Det var mange frammøtte i kyrkja den dagen og mange av dei gav uttrykk for at det hadde vore ei god stund. Dei av rådsmedlemene som var til stades, synest også dette var ei god stund, m.a ved at minnegudstenesta var fint oppbygd og at stunda kjendest verdig.

På samme måte verka det for at gjennomføringa av verdisamtalane etter minnegudstenesta, vart opplevd som positiv blandt deltakarane.

Som ei merksemd frå soknerådet, har det tradisjonen tru vorte delt ut blomar til pårørande etter avlidne siste året. Rådsmedlemmane snakka om erfaringane dei hadde hatt omkring dette tiltaket, og ei felles oppfatning var at dette er ei merksemd som mottakarane set pris på.

Det er greitt å sende ei melding før ein bankar på døra, slik at mottakarane er budde på at ein kjem. Telefonnummer til dei pårørande bør stå på lista.

Postlista:

Gudstenestepian og ein e-post frå diakon vedrørande det førespegla julespelet hadde kome inn av e-postar, elles ikkje noko vesetleg.

Soknepresten har ordet:

Sidan presten måtte melde forfall til møtet, gjekk dette punktet ut.

Vedtakssaker:

Sak 011/25: Val av leiar og nestleiar i soknerådet for 2026.

I samsvar med reglane i Kyrkjeordninga vart det avhalde skriftleg votering.

Val av leiar:

Framlegg til kandidat: Sturla Bell Fossen.

Resultat: Sturla Bell Fossen vart vald med 5 stemmer, 1stemme blank.

Val av nestleiar:

Framlegg til kandidat: Irene Aase Aarseth.

Resultat: Irene Aase Aarseth vart vald med 5 stemmer, 1 stemme blank.

Meldingssaker:

25016: Halvvegs i val-perioden.

Vi er halvvegs i valperioden og det kan vere fornuftig å stille seg nokon spørsmål om korleis vi tykkjer det går for oss, i arbeidet vi utfører. Kan noko gjerast annorleis?

Er det noko vi brenn inne med, som vi bør ta opp? Er intensjonar og forventningar vi hadde ved oppstart innfridde, eller på veg til å bli det? Har vi nye planar for framtida? Har vi organisert oss rett og er arbeidsfordeling og arbeidsmengd tilfredstillande?.

Ved periodestart fekk medlemmane høve til å svare ut nokon spørsmål vedrørande forventningar og intensjonar dei/vi hadde framfor valperioden og dette vart brukt som diskusjonsgrunnlag.

Moment som kom fram, var at ein synset aktiviteten i kyrkja gjennom perioden har vore god. D.v.s at ein i tillegg til dei tradisjonelle gudstenestene også har gjennomført mange andre arrangement, t.d. kulturkveldar, opa kyrkje, orgel og kor-konsertar, julespel, folkemusikkmesse og salmekveld i høve nynorsk salmebok sine 100 år.

Av praktiske oppgåver kan nemnast reperasjon av kyrkjeportane og maling av

rekkeverk m.m.

Arbeidsmåten; ved at det vart sett nokre mål og tidsfristar litt fram i tid, og at desse vart innfridde ved ansvarsfordeling og gjennomføring uttrykte rådet å vere tilfreds med. Vidare gav medlemmane uttrykk for at arbeidsmengda var høveleg og kanskje mindre belastande enn det ein var førebudde på ved periodestart.

Ei forbetring kan vere å ha sikrere rutinar ved ferieavvikling, slik at alle til ei kvar tid veit kven som har ansvar for kva.

For resten av perioden, blir det m.a viktig å allereie no planlegge for den neste perioden, ved å framsnakke arbeidet vårt og kyrkja.

Dette i von om å skape eit engasjement, som gagnar rekrutteringsarbeidet.

25017: Økonomi.

Leiar informerte om økonomien, men pr.d.d. manglar ein eit rekneskaps-utdrag.

Ein veit likevel om lag kva frie inntekter ein har kvart år, og kva som er disponibelt.

Eit ynskje om å handle inn nye juletrelys kom opp. Rådet slutta seg til det.

25018: Årshjulet.

Medlemmane gjekk igjennom årshjulet slik det føreligg.

Nærast i tid er lysmessa på Kyrkjebø, og julekonsertar på Kyrkjebø og i Vadheim.

Det er planlagt julespel med Kyrkjebø barnehage og Kyrkjebø skule den 16.12. Inger-Cesilie og Andreas har utarbeidd ei plan for denne gjennomføringa.

Før borna vert henta etter at julespelet er slutt kunne kanskje nokon engasjere dei med å lage juletrepynt?. Om ekstra hjelp trengst til dette, er det viktig at det blir meldt i frå.

Kari Henny vil vere kyrkjevert julafta, og syter for ringing med klokkene kl 17.00.

Grunna tidspress må nokon andre enn kyrkjetenaren ringje inn helga i Vadheim.

Leiar vil undersøke om nokon kan ta denne oppgåva.

Aktuelle arrangement på nyåret kan vere konsert med kjende folkemusikarar og ei markering av at det er 100 år sidan Sverre Kyrkjebø tok til som organist her.

Ei stilling han hadde i om lag 50 år.

Ymse:

Det er kome inn søknader om offermidlar for 2026, og desse vil bli handsama og tildelinga vedteken i fyrste møtet på nyåret.

Referent:
Jens Ole Årdal.